

Møtereferat**Referent:** Siri Ingvaldsen**Dato**

FØRDE, 31.10.2014

Referat frå møte i Nynorskfylket 24.10.14, kl 09.30-14.00

Stad: Rådhuset i Førde

Deltakarar:

- | | | |
|---|---|---------|
| 1. Sogn og Fjordane fylkeskommune | Jan Olav Fretland,
Ingebjørg Erikstad
Siri Ingvaldsen | |
| 2. Landssamanslutninga av Nynorskkommunar | Vidar Høviskeland | |
| 3. KS Sogn og Fjordane | Olav Lunden | |
| 4. Høgskulen i Sogn og Fjordane | Georg Arnestad | forfall |
| 5. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Gunnar O Hæreid | |
| 6. Nynorsk Mediesenter | Magni Øvrebotten | |
| 7. Nynorsk Avissenter | Ivar Longvastøl | |
| 8. Sparebaken Sogn og Fjordane | Gunn Aase Moldestad | |
| 9. Sogn og Fjordane Teater | Terje Lyngstad | forfall |
| 10. LO Sogn og Fjordane | Siv Jorunn Hjellbrekke | |
| 11. Sogn og Fjordane Mållag | Torleik Stegane | |
| 12. Lerum Fabrikker | Trine Lerum Hjellhaug | |
| 13. Alexandra Hotell | Sissel Loen | |
| 14. Utdanningsforbundet | Magnhild Hoddevik | forfall |
| 15. NHO Sogn og Fjordane | Jan Atle Stang | forfall |
| 16. Nynorsk Kultursentrum | Ottar Grepstad | forfall |
| 17. Firda | Yngve Årdal | |
| 18. Lotteri- og stiftingstilsynet | Anne Mette Hjelle | |
| 19. Førde kommune | Olve Grotle
Trond Ueland
Ole John Østenstad | |

Velkomst og opning

Ordførar Olve Grotle ynskte velkomen til Førde kommune. Møtedeltakarane fekk høve til å sjå kontora og møtelokala i det nye rådhuset før møtet vart sett.

Leiar Jan Olav Fretland opna møtet. Han presiserte at forumet no heiter Nynorskfylket, og at dette er det einaste fylkesdekkande organet i det landfemnande samarbeidsorganet Nynorsk forum.

Deltakarane presenterte seg deretter kort.

Sak 1 Stoda for nynorsken etter framlagt statsbudsjett. Kort melding frå møtet i Nynorsk forum i Oslo 16.10.14.

Ingebjørg Erikstad orienterte om møtet i Nynorsk forum. Statsbudsjettet var den viktigaste saka.

Statlege løyvingar til nynorsktiltak har minka over tid. Nynorskindeksen syner nedovergåande tendens sidan år 2000. I ei fråsegn foreslår Nynorsk forum 10,5 millionar meir til nynorsksatsing

enn det som ligg i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2015 (sjå vedlegg). Nynorsk forum vil ha inn att tilskot til LNK og Nynorsk avissenter, auke løyvinga til Norsk Ordbok og gje Det Norske Teatret same auke som Nationaltheatret. Forumet understrekar vidare at det foreslegne kuttet i pressestøtta må reverserast.

Nynorskfylket diskuterte konsekvensane av framlegget til statsbudsjett, og samla seg om ein uttale til støtte for vedtaket i Nynorsk forum.

Følgjande fråsegn vart vedteken:

Statsbudsjettet 2015

Nynorskfylket, eit forum for offentlege og private organisasjonar og tiltak i Sogn og Fjordane, arbeider for å fremje nynorsk på alle område i fylket.

Nynorskfylket vil minne om at nynorsk og bokmål er to jamstilte språk i landet, og meiner det er viktig at dei to skriftspråka våre blir omtalte slik i offentlege styringsdokument. Nynorskfylket syner til at det nasjonale Nynorsk forum samrøystes har prioritert fire postar som treng auke på statsbudsjettet. Vi støttar deira vedtak. Vi vil særleg peike på at Landssamanslutninga for nynorsk kommunar driv viktig språk- og kulturarbeid, og at dei gjer eit svært viktig arbeid for barn og ungdom i nynorsk områda i landet. Vidare vil avisa Firda sitt nasjonale Nynorsk avissenter trengje ei løyving for å kunne halde fram det vellukka arbeidet sitt.

I tillegg er det viktig å understreke at den rike floraen av aviser i Sogn og Fjordane er avhengig av at pressestøtta blir halden oppe i ei vanskeleg overgangstid for media.

Fråsegna er per 26.10.14 sendt Familie- og kulturkomiteen i Stortinget, stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane, fylkesleiarane i dei politiske partia, media og fylkeskommunen.

Andre saker frå møtet i Nynorsk forum i Oslo 16.10.14:

- Arbeidet med ny språkløv går vidare.
- Språkrådet og Nynorsk kultursentrum arrangerer seminar om nynorsk lovspråk.
- Noregs Mållag greier ut korleis kommunesamanslåingar kan slå ut for bruk av nynorsk i kommunane.

Sak 2 Nynorskdagen med kulturministeren – tilbakeblikk og oppsummering. Kva fekk vi ut av dagen, og kva må vi jobbe vidare med?

Foredraga frå nynorskdagen er samla i ein rapport som medlemene i Nynorskfylket har fått tilsendt. Målet med dagen var å få til ein brei og god presentasjon av arbeidet med nynorsk språk. Jan Olav Fretland peika på nynorskdagen truleg var med og bidrog til at vi fekk ei nynorsk grunnlov.

Område å arbeide vidare med:

- NRK står framfor nedskjeringar, og Nynorsk mediesenter kan risikere å tape i prioriteringane. Kravet om 25 % nynorsk i NRK er avgjerande for at nynorsk faktisk vert brukt så mykje. Mediesenteret har ei viktig oppgåve i å utdanne nynorskbrukande journalistar.
- I offentlege dokument vert no omgrepet majoritetsspråk brukt i større grad, mot tidlegare fokus på jamstilling. Det vart uttrykt uro for at dette kan tolkast som ei statleg haldningsendring.
- Nynorsk vert sjeldan etterspurd i staten, men Lotteri- og stiftelsestilsynet legg stor vekt på å bruke nynorsk på nettstaden sin og i publikasjonar. Dette er det einaste statlege tilsynet med ein slik språkpolitikk.
- KS sine tillitsvalde brukar oftast målforma som er dominerande der dei kjem frå. I administrasjonen er dei fleste bokmålsbrukarar. Olav Lunden tek opp med styret i KS Sogn og Fjordane at nynorsk må nyttast i større grad, også i *Kommunal rapport*.
- Det er nødvendig å bevisstgjere kommunane og andre om språk og å følgje opp med ein serie tiltak, t.d. gjennom LNK.

- Sparebanken Sogn og Fjordane nyttar naturleg nynorsk som målform. Marknaden deira veks no mest utanfor fylket. Banken får mykje ros for bruk av nynorsk.
- Det kan verte mindre nynorsk i media framover. Rammevilkåra for lokalavisene – også nynorskavisene - vert vesentleg dårlegare dersom pressestøtta vert redusert.
- Regjeringa har foreslått å kutte postomberinga på laurdagar. Dette gjer situasjonen vanskelegare for papiravisene.
- Offentlege organ har ei stor og viktig rolle som tingar av publikasjonar i trykt og digital form, t.d. konsulentrapportar. Vi må stille krav om nynorsk når vi gjer avtale om oppdrag.

Oppsummering:

Dei som fekk presentere seg på nynorskdagen har kvar sine ansvarsområde, og må arbeide for å følgje opp utfordringane dei peika på.

Sak 3 Nynorskbyen Førde, visjonar og planar

Førde kommune har sendt søknad til Kulturdepartementet om tilskot til å utvikle *Nynorskbyen Førde*. Trond Ueland presenterte planane.

Prosjektet er svar på ei utfordring som kulturminister Thorhild Widvey gav Førde kommune under nynorskdagen 29.04.14. Gjennom prosjektet tek Førde mål av seg til å verte eit regionalt kraftsenter for nynorsk. Nynorskbyen Førde skal styrkje språkutviklinga mellom barn og unge, nytte språket til merkevarebygging og utvikle språkmalar som òg kan nyttast av andre kommunar. Prosjektet involverer å arbeide for at næringslivet brukar nynorsk aktivt.

Førde kommune fekk støtte for å ha teke på seg dette ansvaret. Det vart understreka at prosjektet må forankrast godt og at særleg næringslivet treng meir kunnskap om nynorsk.

Oppsummering:

Nynorskfylket støttar prosjektet Nynorskbyen Førde. Vi oppmodar Førde kommune om å utvikle kurstilbod i nynorsk språk for næringslivet.

Sak 4 Konferanse om formidling av nynorsk barne- og ungdomslitteratur 12.11.14

Fylkesbiblioteket, Nynorsksenteret, Samlaget og Førde kommune arrangerer konferansen *Barnelitterær formidlingsfest* 12. november i Førde. LNK har teke initiativ til konferansen, med bakgrunn i at det kjem ut verdifull barne- og ungdomslitteratur på nynorsk som formidlarar i skule, bibliotek, bokhandlar og organisasjonar ikkje veit om, og som heller ikkje media presenterer i særleg grad. Konferansen vil synleggjere den nynorske litteraturen og vise døme på vellukka formidlingsprosjekt. Meir informasjon på nettsidene til fylkesbiblioteket: <http://fylkesbiblioteket.sfj.no/>

Sak 5 Presentasjon av Nynorsk avissenter

Dagleg leiar Ivar Myklebust Longvastøl og nynorskpraktikantane Malene Indrebø-Langlo, Solveig Avelsgaard Lien og Inger Marie Lien presenterte arbeidet i Nynorsk avissenter. Praktikantane fortalde om eit godt fungerande opplegg der dei både får grundig innføring i teori og praktisk opplæring som journalistar.

Sak 6 Oppsummering og vidare arbeid

Det skjer mykje viktig på nynorskfronten, og vi må informere kvarandre når vi høyrer om aktuelle saker på området. Nynorskdagen med kulturministeren var eit lærerikt og nyttig tiltak. Vi vurderer om vi vil arrangere temamøte/konferanse også i 2015.

Vedlegg:

Fråsegn om nynorskprioriteringar i statsbudsjettet 2015, vedteken i Nynorsk forum 16.10.14